

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 2. oktober 2013

Frammøtte:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold (arabisk), Bente Hannisdal (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk), Åsta Haukås (tysk) og Leiv Egil Breivik (insituttleiar).

Frå gruppe B: Kristian Rusten

Frå gruppe C: Kari Soriano Salkjelsvik

Frå gruppe D: Irene Elise Hamborg, Alex Hsi, Henriette Solheim og Elin Kristiansen

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær utan røysterett.

Møtet tok til med ein presentasjonsrunde av dei tilsette.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referat frå rådsmøtet 15. mai 2013

Godkjent utan merknader. Referatet er også sendt ut til det gamle rådet, utan at det har kome inn merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

A. nytt instituttråd. Breivik orienterte om arbeidsoppgåvene og ansvaret til det nye instituttrådet.

Frå no av er alle faga representerte i rådet gjennom ein representant kvar frå gruppe A (Sjå sak 6 frå instituttrådsmøtet 15. mai 2013).

B. Breivik orienterte om utlysingar og tilsetjingar ved instituttet ved starten av oktober 2013:

Arabisk har lyst ut ei lektorstilling (morsmålsbrukar) med søknadsfrist 20.10.

Engelsk har lyst ut stillinga i lingvistikk etter Breivik med søknadsfrist 20.10. Sandra Halverson har sagt opp stillinga si ved IF, og det vil dermed bli lyst ut ei stilling til i lingvistikk. Laura Saetveit Miles tek til i stillinga i engelsk litteratur 1. november. Den nye Fulbright-læraren Cassandra Falke tok til ved IF no i haust.

Fransk har tilsett Øyvind Gjerstad som førsteamanuensis. Anje Müller Gjesdal har teke imot stillinga som postdoktor på LINGCLIM-prosjektet.

Italiensk har lyst ut eit vikariat som førsteamanuensis (full stilling) i fire år for dekan Margareth Hagen.

Kinesisk har tilsett Shouihui Zhao som førsteamanuensis i lingvistikk, og han tek til i stillinga 1. februar 2014. Vi lyste ut to stillingar, ei som professor og ein som førsteamanuensis, men berre ein søkjarar vart funnen kvalifisert. Professoratet vert derfor lyst ut på ny.

Russisk lyser ut eit lektorvikariat (50 prosent) i tre semester.

Spansk har lyst ut ei stilling i brasilkunnskap med søknadsfrist 1.10. Førsteamanuensisstillinga i spanskamerikansk litteratur (søknadsfrist 1.8) blir no vurdert av den sakkunnige komiteen.

Tysk har nyleg hatt intervju og prøveforelesingar til stillinga i litteraturvitskap. Jan Paul Pietzuch sluttar som DAAD-lektor ved årsskiftet. Vi reknar med å få ny sendelektor med assistent frå DAAD sommaren 2014.

Den opne postdoktorstillinga har fått 29 søkjarar. Vurderinga er i slutfasen. På spørsmål frå Jørgensen, påpeikte Breivik at det hadde vist seg problematisk å lysa ut ei slik stilling som er open for søkarar alle fag. Men ei så vid utlysing har sine problematiske sider, og neste gong må instituttet vurderer eventuell øyremerking.

Administrasjonen: Kristin Skogedal sluttar 1. desember, og stillinga som administrasjonskonsulent er lyst ut. Anna Polster byrjar som studiekonsulent i administrasjonen 3. oktober.

Sak 4 – val av nestleiar ved instituttet

Breivik korrigerer ordlyden i framlegget til vedtak.

Vedtak (samrøystes): Rådet ved Institutt for framandspråk godkjenner framlegget frå instituttleiar om at forskingsleiar Sissel Lægreid skal vera nestleiar av institutt for framandspråk for haustsemesteret 2013 og vårsemesteret 2014.

Sak 5 – ny hms-plan for instituttet

Saka vart lagt fram for første drøfting, og kjem opp som vedtakssak på rådsmøtet 13. november.

Jørgensen viste til mangelen på felles møteplassar for dei tilsette, og at studentane hadde teke over den tidlegare HF-kantina. Ho etterlyste skikkeleg kjøkkenkrok på same plass som møteplassfunksjonen ved instituttet. Soriano spurde om reingjeringa ved instituttet. Frå studenthald vart problema med lys og kulde på lesesalen nemnt. Haukås spurde om medarbeidersamtalar for dei fast tilsette og meinte dette punktet burde vera med i hms-planen. Soriano meinte tryggleiken på kveldstid var for dårleg, inkludert at Securitas brukar for lang tid på å koma når dei blir tilkalla. Jørgensen nemnde òg øldrikking utanfor kontora.

Uthaug oppmoda om å senda konkrete framlegg til hms-plan på e-post til Breivik eller Uthaug.

Sak 6 - ymse

Ingen saker.

Leiv Egil Breivik,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef